



Bjørnar Floen  
Slettevegen 851  
5939 SLETTA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/6052 - 23/66304

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
28.08.2023

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 499/1 Ystebø**

Tiltak: Søknad om oppretting av 2 nye grunneigedomar  
Byggjestad: Gbnr 499/1  
Tiltakshavar: Rigmor Nottveit og Bjørnar Floen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.08.2023.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tomtane de søker om løyve til å dele frå ligg i uregulert område sett av til LNF (Landbruk, Natur og Friluftsliv) formål i kommunedelplan for Radøy. Det må derfor søkjast om dispensasjon frå arealformålet. Innformasjon om dispensasjon finn ein mellom anna i vedlagte skriv og på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#) Søknad om dispensasjon skal nabovarslas.
2. I føresegnene til kommunedelplan for Radøy (KDP) § 3.4.3 punkt 3 står det at det ikkje skal opprettast ny grunneigedom nærare eksisterande driftsbygning enn 50 meter. Dette gjeld i område sett av til LNF Spreidd busetnad, men vil også gjera seg gjeldande innanfor LNF formålet. Det må søkjast om dispensasjon frå denne regelen.
3. Ny grunneigedom krev løyve til endra bruk av avkjørsle frå fylkesveg 565. Søknad om avkjørsleløyve sender de inn på Statens Vegvesen si nettside: [Avkjørsel eller dispensasjon fra byggegrenser | Statens vegvesen](#)
4. Det er ikkje oppgjeve areal på tomtane. Dette må oppgjevast. Grensene for dei nye grunneigedomane bør også teiknast inn på eit kart i målestokk. Bruk gjerne vedlagte kart eller skriv ut frå Nordhordlandskart.no: [Alver kommune \(nordhordlandskart.no\)](#)
5. Det må gjerast greie for utnyttingsgrad, uteareal og parkering jf. føresegnene til KDP.
6. Det set ut til at ny grense for tomt rundt Slettevegen 823 kjem nærare eksisterande bygning enn 4.0 meter. Det må derfor gjevast nabosamtykke til å ha grensa nærare enn 4.0 meter. Legg ved skjema som kan nyttast til dette.

7. Det må dokumenterast at nye grunneigedomar har forsvarleg tilgang til hygienisk, trykt og tilstrekkeleg drikkevatt, samt sløkkevatt.
8. Vestland Fylkeskommune, eigar av gbnr 499/131 (Fv 565) må også nabovarlas.
9. Det er eit nasjonalt mål å ikkje bygga på dyrka eller dyrka mark. Også føresegnene til KDP § 3.4.3 punkt slår fast dette. Ut frå motteke situasjonskart ser det ut til at i alle fall ein stor del av tomt rundt Slettevegen 823 er registrert som overflatedyrka jord. Det må derfor gjerast greie for dette forholdet/ søkjast om dispensasjon frå føresegnene.
10. Dei nye grunneigedomane må gjevast rett til veg og Va leidningar over gbnr 499/1.

Kommunen ber om at tilleggsmålingar vert sendt inn samla innan **08.10.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Om de har trong for informasjon kring søknad om deling kan de ta kontakt med byggesaksvakta i Alver kommune. Det kan sikkert også vera nyttig å ta ein prat med landbrukskontoret om saka.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
Avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

499-1-Kart

Informasjon til tiltakshavar og søker om dispensasjon(458297)  
nabosamtykke.-erklaring-om-avstand. (4)

**Mottakrar:**

Bjørnar Floen  
Rigmor Nottveit

Slettevegen 851  
Slettevegen 851

5939 SLETTA  
5939 SLETTA